Saknr 2003 02997

Fylkesmannen i Telemark
-9 DES. 2003
S.NR. 2003/8316 DOK 3 BEH. HNO
ARK. 531.0 KOPI

# SELJORD KOMMUNE

Næringskontoret

06 2997 206
16 DES 2003 ASR/BS
Til 786

Fylkesmannen i Telemark
Landbruksavdelinga.
Statens Hus
3708 Skien

**~~Høyringsuttale om forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i landbruket~~ og tilskot til nærings og miljøtiltak i skogbruket.**

Uttala er handsama i styringsgruppa for landbruksplan.

**Generell uttale:**
Når kommunane får tildelt pott for fordeling av midlar er det viktig at forskriftene er så pass opne at det gjev grunnlag for lokal prioritering for å ta omsyn til lokale naturtilhøve. Forskriftene til nærings og miljøtiltak i skogbruket har lista opp tiltak som det ikkje kan brukast midlar til, dette er unødvendig overprøving av kommunale prioriteringar.

1. **Spesielle miljøtiltak i landbruket:**

§ 3. Vilkår.
Denne paragrafen bør vere litt klarare særleg i høve til reglane om rett til produksjonstilskot og andre.
Retten til å dispensere bør tilleggast kommunen.

2. **Spesielle miljøtiltak i skogbruket.**

§ 1-2. Arealgrensa bør vere 100da produktiv skog (grense ved konsesjon og odel) og ikkje 10 da som er foreslege. Tilskotet bør vere næringsretta og derfor fylgje konsesjons og odelslovsgrenser.
Kommunen bør ha høve til å dispensere frå reglane.

§ 2-1. Siste punkt. Forbodet mot å gje tilskot til skogplanting og såing bør fjernast.

§ 5-1. Siste punkt om at det ikkje er høve til å gje tilskot til taugbane bør gå ut. Der det ut frå miljømessige og omsyn til terrengskader er fagleg vurdert som beste driftsmåte bør det vere høve til å gje tilskot.

Seljord kommune 7 /12 2003

Helsing

Helge Vein


| Adresse: | Telefon: | Telefax: | E-post: | Bankgiro: | Postgiro: |
|---|---|---|---|---|---|
| 3840 Seljord | 35 06 51 00 | 35 06 51 10 | post@seljord.kommune.no | 2711 07 10777 | 0807 5579404 |